



«MOTTAKERNAVN»

Dato: 17.08.2015

«ADRESSE»

Vår ref.: 2014/21104-37

«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandlar: HANVIE_

Dykkar ref.: «REF»

Fråsegn til høyring av reguleringsplan, Johan Sverdrup oljerøyrleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad- planID 2014002 - Austrheim kommune

Vi viser til brev datert 15.06.2015 om høyring av forslag til detaljregulering for Johan Sverdrup oljerøyrledning frå Bergsvikhamn til Mogstad. Planen regulerer landdelen av oljerøyrledninga. Føremåla i planen er LNF, industri m.m. Arealføremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der områda er sett av til LNF, bustad, kaste og låssettingsplass, fikse-, ferdsel-, natur- og friluftsområde, næringsområde og veg. Enkelte areal er regulert som permanente anlegg for oljerøyrledninga, veg og nye veganlegg, desse areaala er i strid med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartsmeldinga og utlagt planprogram i brev av 16.09.2014, og melding om utviding av planområdet i brev av 27.02.2015.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internetsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Friluftsliv og strandsone

Å sikre allemannsretten og tilgjenge til natur er viktig i planlegginga. Planen strekkjer seg over store areal og omfattar dei regionale friluftsområda:

- Hoplandsosen, registrert med regionale strandsoneverdiar.
- Austrheim syd sjø, registrert med regionale strandsoneverdiar.
- Solesjøen –Kilestraumen, registrert med regionalt viktige strandsoneverdiar

Slik planen ligg føre er strandsona tilstrekkeleg sikra i kart og føresegner. Det er positivt at ein har omsyn til landskap og terreng, og at føresegnene sikrar at verdiane i desse områda vert tilbakeført etter anleggsfasen. Hordaland fylkeskommune ber om at ein har særleg omsyn til gode estetiske løysingar i strandsona ved landfallet i Bergsvikhamn.

Landskap

All utbygging har verkand på landskapet. Det er difor viktig at nye byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane og at anlegg og bygningar vert sett i ein arkitektonisk og estetisk samanheng. Det er positivt at føresegnene sikrar at det skal lagast ein landskapsplan for istandsetting av terrenget etter

utbygging av oljerøyrledningen med tilhørende bygg og infrastruktur. Vi ber om at ein har ekstra omsyn til landskapsverknadene av deponiområdet på FKB2 og at ein sikrar buffer mot Keilesundet og fjorden.

Barn og unges interesser

Planlegginga skal ta vare på barn og unges interesser og sikre gode og trygge oppvekstvilkår. Vi føreset at ein har hatt omsyn til barn og unge i reguleringsplanen, særleg med tanke på trafikktryggleik i anleggsfasen.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til brev av 14.11.2014 som oppsummerar resultat frå arkeologiske og marinarkæologiske registreringar. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Dei kjende automatisk freda kulturminna, både på land og i sjø, er godt ivaretatt gjennom føresegner og plankart med omsynssone H_730 og H_570, og vi seier oss nøgd at planforslaget ikkje får negative konsekvensar i høve nyare tids kulturminne. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknad til planen når det gjeld kulturminne.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Marit Rødseth
plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planeksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

